

# Utkast til kyrkjeordning

## **Kapittel 1. Den norske kyrkja sitt grunnlag**

### **§ 1. Den norske kyrkja sitt læregrunnlag**

Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje som vedkjennast trua på den treeinige Gud og evangeliet om frelse i Jesus Kristus slik det er gjeve oss i Det gamle og Det nye testamentet og uttrykt i den apostoliske, den nikenske og den athanasianske vedkjenninga samt Den uforandra augsburgske vedkjenninga frå 1530 og Luthers vesle katekisme.

### **§ 2. Den norske kyrkja som del av den verdsvide kyrkja**

Den norske kyrkja er ein del av den eine heilage, allmenne og apostoliske kyrkja og er forplikta til å fremje kyrkja sin synlege einskap i verda.

### **§ 3. Dåp og teneste**

I dåpen til den treeinige Guds namn blir mennesket sameint med Kristus og innlemma i den kristne kyrkja. Dåp er ein føresetnad for å vere medlem i Den norske kyrkja. Alle døypte er kalla til å tene Gud og medmenneske og å ta del i kyrkja sitt liv.

### **§ 4. Den norske kyrkja sitt oppdrag**

Den norske kyrkja skal forkynne evangeliet, forvalte sakramenta og utøve nestekjærleik. I gudstenesta samlar kyrkjelyden seg. Der blir han utrusta og sendt ut slik at kyrkja kan verkeleggjere kallet til å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

### **§ 5. Tenestefelleskap og dei vigsla tenestene**

Oppdraget til Den norske kyrkja blir ivareteke i eit tenestefelleskap av frivillige, tilsette og vigsla personar. Den norske kyrkja vigslar til teneste som diakon, kantor, kateket og prest og til teneste som biskop.

### **§ 6. Organisering av Den norske kyrkja**

Den norske kyrkja er landsdekkjande og delt inn i sokn. Kyrkjelyden er fellesskapet av dei som høyrer til Den norske kyrkja og bur i soknet. Soknet er den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja og kan ikkje bli løyst frå denne.

Kvar kyrkjelyd har ei ordna presteteneste og står under tilsyn av ein biskop.

Styring og leiing av Den norske kyrkja byggjer på demokratiske prinsipp og skjer på alle nivå i eit samvirke mellom valde representantar for og blant kyrkja sine medlemmer og representantar for tenesta med Ord og sakrament.

Alle kyrkjelege møte og råd skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot Den norske kyrkja sitt læregrunnlag.

### **§ 7. Samisk kyrkjeliv**

Samisk kyrkjeliv er ein integrert og likeverdig del av Den norske kyrkja.

### **§ 8. Tilhøvet til resten av kyrkjeordninga**

Den norske kyrkja sine ordningar og praksis skal være i samsvar med Den norske kyrkja sitt grunnlag.

## **Kapittel 2. Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskap, kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett**

### **§ 9. Kyrkjeleg inndeling, namn på kyrkjer og kyrkjelege einingar, særskilte kyrkjelydsformer**

Soknet er den geografiske og administrative ramma om kyrkjelyden.

Kvart sokn høyrer til eitt prosti. Kvart prosti høyrer til eitt bispedøme.

Oppretting av og namn på nye bispedøme og andre endringar i grensene for bispedøme blir fastsett av Kyrkjemøtet. Bispedømerådet fastset andre endringar i den kyrkjelege inndelinga samt namn på kyrkje, sokn og prosti etter nærare føresegner fastsett av Kyrkjemøtet.

Kyrkjerådet gjev dei føresegner som er nødvendige for gjennomføring av inndelingsendringar, og gjer samtidig dei nødvendige tillempingane i bruken av kyrkjeordninga.

Kyrkjemøtet fastset særskild ordning for kategorialkyrkjelydar  
Kyrkjemøtet fastset også særskild ordning for valgkyrkjelydar.

### **§ 10. Organ for kyrkja**

Den norske kyrkja skal ha eigne styringsorgan både på sokne- og bispedømenivå samt på nasjonalt nivå. Det kan også bli etablert andre organ etter nærare føresegner fastsett av Kyrkjemøtet.

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste representative og organ for vedtak.

### **§ 11. Tilhøyrslø og medlemskap**

Berre person som er døypt med kristen dåp og som er busett i riket, har lovleg opphald i riket eller er norsk statsborgar busett i utlandet, kan vere medlem av Den norske kyrkja. Ingen kan bli medlem av Den norske kyrkja så lenge vedkomande er medlem av eit anna trussamfunn i Noreg.

Den norske kyrkja reknar barn som høyrande til kyrkja når ein eller bae foreldra er medlem. Melding om at eit barn skal høyre til kyrkja, blir gjeve på tilsvarande måte som ved inn- og utmelding. Barn av foreldre som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja kan også bli registrert som høyrande til kyrkja. Når barnet har fylt 18 år utan å ha blitt medlem av Den norske kyrkja, blir vedkomande ikkje lenger rekna som høyrande til kyrkja.

Den som er over 15 år, kan sjølv melde seg inn i eller ut av Den norske kyrkja. Foreldre med foreldreansvar kan melde barn under 15 år inn i eller ut av Den norske kyrkja. Før barn som har fylt 12 år blir melde inn, må barnet ha gjeve samtykke. Barn som blir innmelde når dei er under 12 år har rett til å bli høyrte etter alder og utvikling. Den som ikkje tidlegare er døypt med kristen dåp, blir medlem gjennom dåp i Den norske kyrkja.

Den som vil melde seg inn i eller ut av Den norske kyrkja tek kontakt med prest med ansvar for inn- og utmeldingar i vedkomande sokn. Ein kan også ta kontakt med Kyrkjerådet, medrekna gjennom eiga elektronisk løysing for inn- og utmelding. Utmelding kan alltid skje skriftleg.

Nærare regler om inn- og utmelding av Den norske kyrkja blir fastsett av Kyrkjemøtet.

Kyrkjerådet avgjer i tvilstilfelle om ein person skal reknast som medlem av Den norske kyrkja.

### **§ 12. Registrering i Den norske kyrkja sitt medlemsregister**

Den norske kyrkja sitt medlemsregister registrer i tillegg til medlemmer også personar som blir rekna som tilhøyrande, jf. § 11 første ledd.

Opplysningar om døypte, konfirmerte, vigde til ekteskap, jordfestingar med prest i Den norske kyrkja samt inn- og utmeldingar skal også registrerast.

### **§ 13. Medlemskap i kyrkja**

Medlemskap i Den norske kyrkja er knytt til det soknet medlemen er busett i.

Vedkomande sokneråd kan etter søknad frå ein medlem samtykke i at denne får medlemskapen sin overført til eit anna sokn enn der vedkomande er busett eller til ein valkyrkjelyd. Slik avgjerd blir rekna som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, med biskopen som klageinstans.

Medlemer av Den norske kyrkja blir betent av kyrkja sine tilsette i det soknet der dei er medlemmer, og får likeeins tilbod om kyrkja sine tenester i gudstenester og kyrkjelege handlingar i tråd med dei liturgiske ordningane som Kyrkjemøtet har fastsett.

### **§ 14. Stemmerett og val**

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som bur i eller er registrert i soknet og som vil ha fylt 15 år seinast i det året det blir stemt, har kyrkjeleg stemmerett.

Ingen kan ha stemmerett i meir enn eitt sokn.

Kyrkjemøtet gjev regler om kyrkjeleg manntal og om innføring i dette.

## **Kapittel 3. Verksemda i soknet. Organa for soknet og oppgåvefordelinga mellom dei m.m.**

### **§ 15. Organa for soknet**

I alle sokn skal det vere eit sokneråd. I kommunar med fleire sokn skal det i tillegg vere eit kyrkjeleg fellesråd.

Sokneråd innanfor ein og same kommune kan med godkjenning frå bispedømmerådet etablere eit felles sokneråd etter nærare føresegner fastsett av Kyrkjemøtet.

Soknerådet tar avgjerder og opptrer på vegner av soknet når det ikkje er fastsett i eller i medhald av kyrkjeordninga at mynden er lagt til kyrkjeleg fellesråd eller anna organ. I kommunar med berre eitt sokn utøver soknerådet dei funksjonane som elles ligg til kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjerådet avgjer i tvilstilfelle kva for organ som tar avgjerd og opptrer på vegner av soknet samt når den kommunale representanten skal tiltre soknerådet i samsvar med § 16 andre leddet.

I prosti der ikkje alle sokn høyrer til same kommune og i andre tilfelle der det ligg til rette for det, kan Kyrkjerådet etter nærare føresegner som er fastsette av Kyrkjemøtet samtykke til etablering av kyrkjeleg fellesråd som omfattar fleire kommunar. I kommunar med særleg mange sokn kan Kyrkjerådet etter nærare føresegner frå Kyrkjemøtet også gjere andre tilpassingar av føresegnene om kyrkjeleg fellesråd.

For å fremje føremålstenlege organisasjonsformer og ei føremålstenleg fordeling av oppgåver i og mellom sokna kan Kyrkjerådet godkjenne forsøk som ikkje følger føresegnene i kyrkjeordninga om organiseringa av soknet sine organ i kommunar med meir enn eitt sokn, oppgåvefordelinga mellom desse og korleis dei er sett saman. Kyrkjerådet kan gje nærare retningsliner for forsøk etter denne føresegna.

Ved endringar i kommunegrensene eller samanslåing av kommunar gjeld føresegnene i inndelingslova om økonomisk oppgjer i kapittel V og gjennomføring i kapittel VI tilsvarende for kyrkjeleg fellesråd så langt det passar. Bispedømmerådet utøver den avgjerdsrett som er lagt til Fylkesmannen i inndelingslova.

## **§ 16. Soknerådet si samansetting**

Soknerådet består av soknepresten og – etter avgjerd i soknemøtet – fire, seks, åtte eller ti andre medlemmer som blir valde ved fleirtals- eller forholdsval for fire år etter reglar som er fastsett av Kyrkjemøtet. Samtidig blir det valt minst fem varamedlemmer for dei medlemmene som skal veljast. Endring av talet på dei medlemmene som skal veljast, må vere vedteken i soknemøtet før valet blir kunngjort.

I kommunar med berre eitt sokn kan kommunen velje eitt medlem og eitt varamedlem til soknerådet, som tiltre rådet når dette handsamar saker som i kommunar med fleire sokn ligg til kyrkjeleg fellesråd. Denne medlemmen kjem i tillegg til dei som blir valt etter første ledd.

Valbar til soknerådet og pliktig til å ta imot val, er alle som har stemmerett i valet og som vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som ikkje er fritteken.

Rett til å krevje å bli fritteken for val til sokneråd har den som gjev skriftleg erklæring om at vedkomande ikkje ønskjer å stille til val på den aktuelle vallista. Slik erklæring må setjast fram innan den fristen soknerådet set, elles taper ein retten til å bli strøken frå listeforslaget. Den som ikkje krev seg fritteken frå å stå på liste, kan ikkje nekte å ta imot val.

Biskopen kan avgjere at ein annan prest enn soknepresten skal vere medlem av soknerådet. Biskopen avgjer også korleis prestane skal vere varamedlemmer for kvarandre.

Biskopen og prosten har rett til å ta del i soknerådsmøte, men utan stemmerett. Det same gjeld soknepresten dersom vedkomande ikkje er medlem av rådet. Soknerådet kan innkalle andre til å ta del i forhandlingane, men utan stemmerett.

### **§ 17.** *Om å tre ut av soknerådet i valperioden*

Den som taper valbarheit til soknerådet i valperioden, trer endeleg ut av rådet. Dersom tap av valbarheit skyldast registrert utflytting frå soknet for to år eller mindre, trer vedkomande ut av vervet for den tida utflyttinga varer.

Soknerådet kan etter søknad fritta, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje kan skjøtte pliktene sine i vervet utan uforholdsmessige vanskar eller byrde.

Dersom det blir teken ut sikting eller tiltale mot eit soknerådsmedlem for eit straffbart forhold som er nemnt i straffelova §§ 151 til 154, 170 bokstav b, 171 til 173, 208 til 211, 353, kapittel 27 eller 30, og forholdet er knytt til utøving av teneste eller eit verv for soknerådet eller kyrkjelig fellestråd, kan soknerådet vedta å suspendere vedkomande frå vervet inntil saken er rettskraftig avgjort. Viss det dreier seg om forhold som er nemnt i straffelova §§ 151 til 154, gjeld ikkje vilkåret om at forholdet skal vere knytt til utøving av verv eller teneste for soknerådet eller kyrkjelig fellestråd. Dersom eit soknerådsmedlem blir dømt for eitt eller fleire av dei nemnde straffbare forholda, kan soknerådet sjølv vedta at vedkomande skal tre endeleg ut av rådet.

Dersom medlemmer av soknerådet trer endeleg ut, og dei er valde med fleirtalsval, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen dei er valde. Dersom medlemmer av soknerådet trer endeleg ut, og dei er valde med forholdsval, skal varamedlemmer frå same liste tre inn i staden for dei i den nummerordenen varamedlemene er valde.

### **§ 18.** *Formene for soknerådet si verksemd*

Soknerådet kan gje leiaren eller eit arbeidsutval som består av leiaren og minst to andre medlemmer av rådet fullmakt til å ta avgjerder på sakleg avgrensa område i saker som skulle ha vore avgjort av rådet. Avgjerd som er teken med heimel i ei slik fullmakt, skal bli referert i første møte etter at avgjerda er teken.

Nærare reglar om formene for soknerådet si verksemd blir gjeven av Kyrkjemøtet.

### **§ 19.** *Dagleg leiar av soknerådet si verksemd*

Soknerådet kan avgjere at ein eller ei av dei tilsette i soknet skal vere dagleg leiar av verksemda.

### **§ 20.** *Oppgåvene til soknerådet*

Soknerådet skal ha merksemd på alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikeleg forkynt, sjuke og døyande betent med det, at døypte kan bli gjeve dåpsopplæring, barn og unge samla om gode formål og lekamleg og åndeleg naud avhjelp.

Soknerådet har ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni blir innarbeidd og utvikla i soknet.

Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer eller om ein skal ha innsamling i kyrkja og forvaltar dei midlane som blir samla inn, løyvde eller gjeve som gåve til kristeleg verksemd i soknet, med mindre anna er fastsett. Reglar om budsjettordning, rekneskapsføring og revisjon blir gjeve av Kyrkjemøtet. Avgjersle om oppretting av stillingar skal godkjennast av kyrkjeleg fellestråd.

Soknerådet medverkar ved tilsetjing i kyrkjelege stillingar etter dei reglane som gjeld til ei kvar tid.

Soknerådet innbyr minst ein gong i året dei tilsette i soknet til å ta del i rådet sine drøftingar om forholda i soknet og dei oppgåvene som ligg føre.

Soknerådet førebur og gjev innstilling til avgjersle i alle saker som blir lagt fram for soknemøtet, jf. § 21, eller som soknemøtet sjølv tar opp.

Soknerådet gjev kvart år soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet.

Soknerådet skaffar dei opplysingane og gjev dei fråsegner som kyrkjeleg styresmakt ber om.

### **§ 21. Soknemøtet**

Soknemøtet består av personar med stemmerett i soknet. Berre dei som møter fram personleg, kan stemme. Biskopen, prosten og soknepresten kan også ta del i møtet, men berre stemme om dei elles har stemmerett i soknet.

Soknemøtet skal kallast saman av soknerådet så ofte det er kravd eller ønskeleg eller når minst 20 av personar med stemmerett i soknet krev det.

Nærare reglar om formene for soknemøtet si verksemd blir gjeve av Kyrkjemøtet.

### **§ 22. Oppgåvene til Soknemøtet**

Soknemøtet avgjer saker om innføring av gudstenestlege bøker i kyrkja når Kyrkjemøtet har overlate spørsmålet til avgjerd i soknemøtet. Soknemøtet avgjer også andre saker som blir overlate til soknemøtet å avgjere etter nærare føresegner av Kyrkjemøtet eller andre kyrkjelege organ.

Før vedkomande myndigheit avgjer, skal soknemøtet bli gjeve høve til å gje fråsegn om oppføring eller nedlegging av kyrkje og om deling, samanslåing eller andre endringar i grensene for sokn.

Elles gjev soknemøtet fråsegn når kyrkjelege styresmakter ber om det eller når soknemøtet av eige tiltak ønsker å gje fråsegn.

### **§ 23. Samansettinga av kyrkjeleg fellesråd**

Kyrkjeleg fellesråd består av:

- a) to soknerådsmedlemer frå kvart sokneråd i kommunen, valde av det enkelte sokneråd, og
- b) ein prost eller annan prest utpeikt av biskopen. Biskopen kan unnlate utpeiking dersom det er vald inn ein prest etter bokstav a.

I tillegg kan kommunen velje ein representant.

Er det fem eller fleire sokn i kommunen, blir det berre valt eitt soknerådsmedlem frå kvart sokneråd.

Representantane blir valde saman med eit tilsvarande tal vararepresentantar for fire år.

Nærare reglar om val av kyrkjeleg fellesråd blir gjeve av Kyrkjemøtet.

Biskopen har rett til å ta del i fellesrådsmøte, men utan stemmerett. Fellesrådet kan kalle inn andre til å ta del i forhandlingane, men utan stemmerett.

## **§ 24. Formene for kyrkjeleg fellesråd si verksemd**

Kyrkjeleg fellesråd kan gje leiaren eller eit arbeidsutval som består av leiaren og minst to andre medlemmer av rådet fullmakt til å ta avgjerder på sakleg avgrensa område i saker som skulle ha vore avgjort av rådet. Avgjerd som er teken med heimel i ein slik fullmakt, skal bli referert i første møte etter at avgjerda er teken.

Kyrkjeleg fellesråd skal ha ein dagleg leiar av verksemda.

Nærare reglar om formene for kyrkjeleg fellesråd si verksemd blir gjeve av Kyrkjemøtet.

## **§ 25. Oppgåvene til kyrkjeleg fellesråd**

Kyrkjeleg fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremme samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i tilhøvet til kommunen.

Kyrkjeleg fellesråd er ansvarleg for

- a) bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer,
- b) anlegg, drift og forvaltning av gravplassar,
- c) oppretting og nedlegging av stillingar som blir løna over fellesrådet sitt budsjett,
- d) anskaffing og drift av kyrkjekontor,
- e) administrativ hjelp for prostens når kyrkja si verksemd nasjonalt yter tilskudd til det,
- f) anskaffing av lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.

Kyrkjeleg fellesråd gjer tilsetting av og har arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette som blir løna over fellesrådet sitt budsjett. Før tilsetting og fastsetting av instruks skal vedkomande sokneråd bli gjeve høve til å uttale seg. Kyrkjeleg fellesråd kan gje fullmakt til sokneråd å utøve tilsettingsmynde og andre arbeidsgjevarfunksjonar for stilling der dette elles ville ligge til fellesrådet. Kyrkjeleg fellesråd kan også tildele slike utval som er nemnt i § 48 første ledd mynde til å tilsette og å ta avgjerd i saker som gjeld forholdet mellom sokna eller soknet som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Kyrkjeleg fellesråd forvaltar inntekter og formue knytt til kyrkje og kyrkjefond, tilskot til kyrkjeleg verksemd frå kommunen eller kyrkja si verksemd nasjonalt og midlar soknerådet stiller til disposisjon for fellesrådet for å løyse oppgåver i sokna. Reglar om budsjettordning, rekneskapsføring og revisjon blir gjeven av Kyrkjemøtet.

Kyrkjeleg fellesråd utfører elles dei oppgåvene som etter avtale blir gjeve frå det enkelte sokneråd.

## **§ 26. Opptak av lån på soknets vegne**

På vegner av soknet kan det berre takast opp lån når dette er godkjent av bispedømmerådet.

På soknets vegne er det ikkje tillate å garantere for andre sine økonomiske forpliktingar eller stille eigendelar tiltryggleik for andre si gjeld.

Kyrkjeleg fellesråd pliktar å treffe vedtak om betalingsinnstilling når eit sokn på grunn av vanskar som ikkje er heilt forbigåande, ikkje kan betale gjeld som har farfalle. Melding om slikt vedtak skal straks sendast bispedømmerådet. Bispedømmerådet set i verk dei tiltak dei reknar som nødvendige.

## **Kapittel 4. Kyrkjer**

### **§ 27. Definisjon av og eigedomsrett til kyrkje**

Med kyrkje meinast i dette kapittelet soknekyrkje eller kapell som er godkjend av Kongen eller departementet, som er kyrkje frå gamalt eller som etter at kyrkjeordninga tredde i kraft er godkjend som kyrkje av Kyrkjerådet.

Det skal vere kyrkje i alle sokn.

Kyrkjene er soknet sin eigedom, om ikkje anna følgjer av særskilt rettsgrunnlag. Sokna i ein kommune kan eige kyrkjer i fellesskap.

### **§ 28. Forvaltning av kyrkjene og avgrensing av råddvelde**

Forvaltninga av kyrkjene høyrer under kyrkjeleg fellesråd, om ikkje anna er bestemt av departementet før kyrkjeordninga tredde i kraft eller deretter av Kyrkjerådet.

Kyrkjer kan ikkje bli avhenda, pantsette eller påhefta bruksrettar. Kyrkjerådet kan likevel samtykke i sal når særlege grunner tilseier det.

Formuesrettar som er knytt til ei kyrkje, kan ikkje skiljast frå ho. Fast eigedom som ikkje er naudsynt for kyrkja, kan likevel bli avhenda med samtykkje frå bispedømmerådet.

Soknerådet fører liste over inventar og utstyr i kyrkjene i soknet. Anskaffing og avhending av inventar og utstyr til kyrkja skal godkjennast av biskopen.

### **§ 29. Kyrkjefond**

Kapital som er knytt til ei kyrkje, blir samla i eit kyrkjefond. Fondet blir forvalta av kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjerådet kan gje nærare reglar om forvaltninga. Avkastinga skal brukast til drift og vedlikehald av kyrkja. Med samtykke frå bispedømmerådet kan avkastinga brukast til andre kyrkjelege formål i soknet eller i andre sokn i kommunen.

Kapital frå fondet kan med samtykke frå bispedømmerådet brukast til kyrkjelege formål i soknet eller i andre sokn innan kommunen.

Reglane i første og andre leddet gjeld ikkje dersom noko anna følgjer av testamentariske eller andre særlege føresegner.

### **§ 30. Betaling for bruk av kyrkja**

For bruk av kyrkja til gudsteneste eller anna oppbygging skal det ikkje takast betaling. Det same gjeld kyrkjelege handlingar som blir utført i samband med ei gudsteneste.

For bruk til andre formål eller kyrkjelege handlingar utanfor gudstenesta kan kyrkjeleg fellesråd krevje betaling etter nærare reglar godkjende av bispedømmerådet.

Kyrkjemøtet gjev nærare føresegner om bruk av kyrkjene.

### **§ 31. Oppføring av ny kyrkje**

Ny kyrkje skal byggjast når ei kyrkje er heilt øydelagt eller på grunn av vesentlege manglar er ubrukbar og ikkje kan utbetrast, når ho under vanlege gudstenester ikkje



gjev tilstrekkeleg plass for dei kyrkjesøkjande og ikkje kan utvidast på formålstenleg vis, eller når det blir danna eit nytt sokn der det frå før ikkje er kyrkje.

Ny kyrkje skal i kyrkjerommet ha sitteplass til ein tidel av medlemene av Den norske kyrkja i soknet. Det blir likevel kravd minst 200 og ikkje meir enn 500 sitteplasser.

Når særlege grunnar tilseier det, kan Kyrkjerådet gjere unntak frå reglane i første og andre leddet.

Oppføring av ny kyrkje og nedlegging av kyrkje skal godkjennast av Kyrkjerådet. Det same gjeld tomt til oppføring av kyrkje, teikningar, kostnadsoverslag og finansieringsplan.

Ombygging og utviding av kyrkje skal godkjennast av biskopen etter nærare føresegner fastsett av Kyrkjerådet.

## **Kapittel 5. Regionale og nasjonale kyrkjelege organ**

### **§ 32. Bispedømerådet si samansetjing**

Bispedømerådet består av:

- a) biskopen,
- b) ein prest som er vald av prestane i bispedømet,
- c) ein lek kyrkjeleg tilsett som er vald av dei leke kyrkjeleg tilsette i bispedømet,
- d) sju andre leke som er valde direkte av dei stemmeføre medlemene i bispedømmet med fleirtals- eller forholdsval,
- e) ein nordsamisk representant i Nord-Hålogaland bispedømeråd, ein lulesamisk representant i Sør-Hålogaland bispedømeråd, og ein sørsamisk representant i Nidaros bispedømeråd og
- f) ein representant frå døvekyrkjelydane i Oslo bispedømeråd.

Presten og dei leke medlemene skal veljast for fire år. For medlemene som er valde med fleirtalsval etter bokstav d), skal det veljast like mange varamedlemer. For medlemene som er valde med forholdsval etter bokstav d), skal kvar liste bli tildelt like mange varamedlemer som ho får medlemmer, med tillegg av eitt. For medlemene som er valde etter bokstav b), c), e) og f), skal det veljast to varamedlemer.

Kyrkjemøtet gjev nærare reglar om val, medrekna reglar som presiserer kven som har stemmeret og er valbare etter første leddet bokstavane b, c, d, e og f.

Reglane i § 16 tredje og fjerde leddet og § 17 gjeld tilsvarande for bispedømerådet.

### **§ 33. Formene for bispedømerådet si verksemd**

Bispedømerådet kan gje leiaren eller eit arbeidsutval som består av leiaren og minst to andre medlemmer av rådet fullmakt til å ta avgjerder på sakleg avgrensa område i saker som skulle ha vore avgjort av rådet. Avgjerd som er teken med heimel i ein slik fullmakt, skal bli referert i første møte etter at avgjerda er teken.

Bispedømerådet skal ha ein dagleg leiar av verksemda.

Nærare reglar om formene for verksemda til bispedømerådet blir gjeven av Kyrkjemøtet.

### **§ 34.** *Bispedømerådet sine oppgåver*

Bispedømerådet skal ha merksemda på alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremme samarbeidet mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet.

Bispedømerådet utfører dei gjeremåla som det til ein kvar tid er pålagd av Kyrkjemøtet eller Kyrkjerådet.

Bispedømerådet kan utføre oppgåver for sokneråd eller kyrkjelege fellesråd etter avtale med desse.

### **§ 35.** *Kyrkjemøtet si samansetting*

Kyrkjemøtet består av preses i Bispemøtet, medlemene av bispedømeråda og leiaren av Samisk kyrkjeråd som er vald etter nærare reglar fastsette av Kyrkjemøtet.

### **§ 36.** *Kyrkjemøtet sine oppgåver*

Kyrkjemøtet skal ha merksemda på saker som er av felles kyrkjeleg karakter og elles på alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremme samarbeidet innan Den norske kyrkja. Som øvste representative organ for vedtak i Den norske kyrkja fastset Kyrkjemøtet grunnlaget og læra for kyrkja og alle liturgiar og gudstenstelege bøker. Kyrkjemøtet skal verne og fremme samisk kyrkjeliv og ta vare på Den norske kyrkja sine økumeniske oppgåver og internasjonale samarbeid.

Kyrkjemøtet

- a) gjev uttale i saker om vesentlege endringar i føresegnene i kapittel 3 i trossamfunnsloven,
- b) fastset retningsgjevande planar og program for kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og for økumenisk verksemd,
- c) fastset kvalifikasjonskrav og tenesteordningar for særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk,
- d) utfører dei oppgåvene det er gjeve i trossamfunnsloven eller kyrkjeordninga.

Kyrkjemøtet kan utan hinder av føresegnene i kyrkjeordninga her godkjenne forsøk med valperiode på to år og direkte val til kyrkjeleg fellesråd og bispedømeråd. Nærare vilkår for det enkelte forsøket blir fastsett av Kyrkjemøtet.

Saker av læremessig karakter skal leggjast fram for Bispemøtet før handsaming i Kyrkjemøtet. Saker som handlar om kyrkja sine liturgiar og gudstenstelege bøker, skal vere handsama i samsvar med reglane for sakshandsaming i liturgisaker før det blir gjort endeleg vedtak om ordningar.

Dersom ei tilråding etter fjerde ledd som har minst 2/3 fleirtal i Bispemøtet, ikkje får fleirtal i Kyrkjemøtet, skal saka sendast tilbake til Bispemøtet. Ved handsaming andre gongen i Kyrkjemøtet skal det krevjast minst 2/3 fleirtall dersom vedtaket ikkje er i samsvar med siste tilråding frå Bispemøtet.

Kyrkjemøtet kan delegere mynde til Bispemøtet, bispedømeråda, biskopane, prostane og til Den norske kyrkja si klagemnd.

### **§ 37.** *Kyrkjerådet si samansetting*

Kyrkjerådet består av elleve leke medlemmer, eitt frå kvart bispedøme, ein lek kyrkjeleg tilsett og fire prestar som er valde av Kyrkjemøtet og ein biskop som vald av Bispemøtet. For alle medlemene skal det veljast ein personleg varamedlem.

Reglane i § 17 gjeld tilsvarande for Kyrkjerådet.

Nærare reglar for val av Kyrkjerådet skal fastsetjast av Kyrkjemøtet.

### **§ 38. Kyrkjerådet sine oppgåver**

Kyrkjerådet førebur dei sakene som Kyrkjemøtet skal handsame, og set i verk dei vedtaka Kyrkjemøtet har gjort.

Kyrkjerådet leier kyrkja sitt arbeid på nasjonalt nivå.

Kyrkjerådet har ansvaret for at økonomiforvaltninga og økonomistyringa av dei midlane som Kyrkjemøtet disponerer, er forsvarleg. Kyrkjerådet fastset rekneskapen.

Saker av læremessig karakter der Kyrkjerådet er vedtaksorgan, skal leggjast fram for Bispemøtet før handsaming i Kyrkjerådet. Saker som handlar om kyrkja sine liturgiar og gudstenestlege bøker, skal vere handsama i samsvar med reglane for saksbehandling i liturgisaker før det blir gjort endeleg vedtak om ordningar.

Dersom ein tilråding etter fjerde leddet som har minst 2/3 fleirtal i Bispemøtet, ikkje får fleirtal i Kyrkjerådet, skal saka sendast tilbake til Bispemøtet. Dersom vedtaket i Kyrkjerådet etter handsaming andre gongen ikkje er i samsvar med siste tilråding frå Bispemøtet, skal saka sendast til Kyrkjemøtet for vedtak. Reglane i § 36 femte leddet kjem då i bruk.

Kyrkjerådet skal ha ein dagleg leiar av verksemda.

Kyrkjemøtet fastset nærare reglar for Kyrkjerådet si verksemd.

### **§ 39. Bispemøtet**

Bispemøtet er samansett av samtlege tenestegjerande biskopar.

Bispemøtet skal utøve tilsyn med og pastoralt leiarskap i Den norske kyrkja, vareta kyrkja si lære og teologi og fremje einskap i kyrkja og med andre kyrkjer. Bispemøtet verker også for samordning av dei gjeremåla som ligg til biskopane etter gjeldande reglar, og utfører elles dei gjeremåla som til ein kvar tid er pålagt ved føresegner frå Kyrkjemøtet. Det gjev uttale i saker som Kyrkjemøtet, Kyrkjerådet og Den norske kyrkja si klagemnd legg fram for det.

Bispemøtet kan ikkje binde den enkelte biskopen i utøvinga av eigne tenestefunksjonar, dersom det ikkje er særskilt bestemt i medhald av kyrkjeordninga.

Bispemøtet avgjer læreklager mot enkeltpersonar etter nærare reglar som er fastsett av Kyrkjemøtet.

Kyrkjemøtet gjev nærare føresegner for møta.

### **§ 40. Klagemnda si samansetting**

Den norske kyrkja si klagemnd består av følgjande medlemmer:

- ein leiar som er eller har vore domar i dei alminnelege domstolane eller i Arbeidsretten,
- eitt medlem som har juridisk embetseksamen eller mastergrad i rettsvitskap,
- eitt medlem som har teologisk doktorgrad,
- eitt medlem som er prest og har særleg kompetanse i kyrkjerett,
- eitt øvrig medlem.

Klagemnda sine medlemmer blir valde med eit tilsvarande antall personlege

varamedlemer av Kyrkjemøtet på det første møtet i valperioden. Blant medlemene skal det vere minst to personar av kvart kjønn og tilsvarande for varamedlemene. Medlemene blir valde for fire år.

Kyrkjemøtet vel leiar av klagenemnda. Klagenemnda vel sjølv nestleiar.

Utestengd frå å bli valde inn i klagenemnda er biskopar, medlemer av Kyrkjerådet og dei andre sentralkyrkjelege råda, tilsette i den sentralkyrkjelege administrasjonen samt tilsette i bispedømeadministrasjonane.

#### **§ 41. Klagenemnda sine oppgåver**

Klagenemnda

- a) avgjer klager etter kyrkjeordninga § 46 andre ledd,
- b) avgjer klager på vedtak om oppseiing, suspensjon og avskjed av direktør og assisterande direktør for Kyrkjerådet samt generalsekretær for Bispemøtet
- c) gjer vedtak om oppseiing, suspensjon og avskjed av biskop,
- d) avgjer klager på Kyrkjerådet sine vedtak om avslag på innsynskrav etter offentleglova og
- e) utfører elles dei oppgåvene som er pålagt ho av Kyrkjemøtet.

Avgjerder i Klagenemndas kan ikkje klagast på.

Kyrkjemøtet gjev nærare reglar om klagenemnda.

#### **§ 42. Samisk kyrkjeråd si samansetting**

Samisk kyrkjeråd består av:

- a) Leiar i Samisk kyrkjeråd, vald av Kyrkjemøtet,
- b) fire andre medlemer, valde av Kyrkjemøtet,
- c) ein biskop som er vald av Bispemøtet.

I tillegg kan Sametinget utpeike eitt medlem med varamedlem. For alle medlemer skal det veljast eitt personleg varamedlem.

Kyrkjemøtet gjev nærare føresegner for Samisk kyrkjeråd.

#### **§ 43. Samisk kyrkjeråd sine oppgåver**

Samisk kyrkjeråd for Den norske kyrkja er Kyrkjemøtet sitt organ for samisk kyrkjeliv og har som oppgåve å fremme, verne og samordne samisk kyrkjeliv i Den norske kyrkja.

Kyrkjemøtet gjev nærare føresegner for Samisk kyrkjeråd.

#### **§ 44. Ungdomsdemokrati i Den norske kyrkja**

Den norske kyrkja skal ha ein ungdomsstruktur som består av regionale og nasjonale organ som skal gjere det mogleg for unge i alderen 15–30 år å medverke i aktuelle saker regionalt, nasjonalt og internasjonalt i Den norske kyrkja.

I kvart bispedøme skal det vere eit ungdomsting og eit ungdomsråd. På nasjonalt nivå skal det vere eit Ungdommens kyrkjemøte og eit ungdomsutval.

Forslag til vesentlege endringar i denne paragrafen skal leggjast fram for Ungdommens kyrkjemøte. Kyrkjerådet fastset nærare føresegner om organa etter andre ledd.

## **Kapittel 6. Ymse føresegner**

### **§ 45. Rett og plikt til å delta i møte**

Medlemer av eit kyrkjeleg organ har plikt til å delta i organet sine møte dersom dei ikkje har gyldig forfall.

Medlemer som er til stades i eit kyrkjeleg organ når ei sak blir teken opp til avstemming, har plikt til å stemme. Når det er val og vedtak om tilsetting er det tilgang til å stemme blankt.

Medlemer i eit kyrkjeleg organ omtalt i § 44 kan avstå frå å stemme.

### **§ 46. Tenesta til prestane, prostane og biskopane**

Ingen kan bli tilsett som prest eller ordinert til presteneste i Den norske kyrkja utan å ha dei kvalifikasjonane som er fastsett av Kyrkjemøtet.

Prest som gjer seg skuldig i grovt pliktbrott eller andre vesentlege brott på ordinasjonsforpliktinga, kan bli fråteken retten til å utføre presteneste etter nærare reglar om sakshandsaming og klagetilgang fastsatt av Kyrkjemøtet.

Kyrkjemøtet fastset tenesteordning og gjev nærare reglar om vilkår mv. for prestar, prostar og biskopar.

### **§ 47. Tilgang til å stille vilkår om medlemskap i Den norske kyrkje for tilsette og ombod**

Kyrkjelege ombod skal vere medlem av Den norske kyrka. Biskopen kan dispensere frå kravet når særlege grunnar tilseier det. For nasjonale ombod er preses i Bispemøtet dispensasjonsmyndigheit.

Når det gjeld tilsetting i kyrkjelege stillingar som inneheld eit ansvar for kyrkja si lære, skal tilsettingsmyndigheita stille krav om medlemskap i Den norske kyrkja i tråd med tilgangen til dette i lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbod mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) § 9. Biskopen kan gje dispensasjon frå plikta til å stille eit slikt krav når særlege grunner tilseier det. Når det gjeld tilsetting i andre kyrkjelege stillingar skal tilsettingsmyndigheita vurdere om det er tilgang til å stille krav om medlemskap i Den norske kyrkja etter same føresegn.

### **§ 48. Partssamansett utval mv.**

I tilknytning til kyrkjeleg fellestråd og sokneråd som utøver arbeidsgjevaransvar, skal det opprettast eit partssamansett utval for handsaming av saker som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og sokna eller soknet som arbeidsgjevar. Viss minst  $\frac{3}{4}$  av dei tilsette ønskjer det, kan slike utval erstattast med andre ordningar. Utvalet skal setjast saman av representantar for rådet og representantar for dei tilsette. Dei tilsette sine representantar skal veljast av og blant dei tilsette for to år om gongen. Fleirtalet i utvalet skal bestå av representantar for rådet. Rådet vel leiar og nestleiar for utvalet blant desse.

Representantar for dei tilsette har møte- og talerett i kyrkjeleg fellestråd og sokneråd samt i underutval som er oppnemnt av slikt organ når desse handsamar saker som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og fellestråd/sokneråd som arbeidsgivarorgan.

Representantar for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaminga av saker som gjeld at arbeidsgjevar førebur forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonflikt, rettstvistar med arbeidstakarar eller oppseiing av tariffavtalar.

Kyrkjeleg fellesråd fastset sjølv nærare retningsliner for møterett etter andre ledd.

#### **§ 49. Saksbehandlingsreglar**

Forvaltningslova, offentleglova og reglar om offentlege organ i arkivlova gjeld for den verksemnda som blir drive av kyrkjelege organ. For saker om tilsetting, oppseiing eller andre personalsaker, skal likevel berre forvaltningslova kapittel II og III brukast.

Vedtak i eit kyrkjeleg organ kan ikkje bli klagt om ikkje anna er særskilt bestemt. Vedtak etter offentleglova som er teken av soknerådet eller kyrkjeleg fellesråd, kan klagast til bispedømerådet. Vedtak etter offentleglova som er gjort av bispedømerådet, kan klagast til Kyrkjerådet. Vedtak etter offentleglova som er gjort av Kyrkjerådet, kan klagast til Den norske kyrkjes klagemnd.

Om ugildskap gjeld reglane i forvaltningslova kapittel II, med følgjande særregler:

- a) Ugildskap inntretr ikkje ved val til tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjering o.l. for slike verv.
- b) Kyrkjeleg tilsette som i denne eigenskap har medverka ved tilrettelegginga av grunnlaget for ei avgjerd, eller ved tidlegare avgjerd i same sak, skal alltid reknast som ugild når saka blir handsama i eit kyrkjeleg organ. Biskopen blir ikkje rekna som kyrkjeleg tilsett i forhold til denne føresegna. Det same gjeld prost og annan prest som enten i kraft av sin stilling eller etter oppnemning av biskopen er medlem av eit organ for soknet.

Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere likestilte skriftspråk i kyrkjelege organ. For kyrkjelege organ som opptretr på vegner av rettssubjektet Den norske kyrkja bruker ein mållova sine reglar for statstenesten for så vidt gjeld den administrative delen av verksemnda.

#### **§ 50. Endringsreglar**

Framlegg om endringar i føresegnene i kapittel 1 må setjast fram på det første, andre eller tredje kyrkjemøtet etter eit val. Det første, andre eller tredje kyrkjemøtet etter neste val tek stilling til framlegget. Eit vedtak om endring krev støtte frå to tredjedelar av medlemene i Kyrkjemøtet. Før Kyrkjemøtet tek stilling til framlegg om endringar i føresegnene, skal framlegget først ha vore handsama i Bispemøtet etter nærare reglar som er gjeve av Kyrkjemøtet.

Eit vedtak om endring av § 36 fjerde og femte leddet, § 38 fjerde og femte leddet og § 50 må ha støtte frå to tredjedelar av medlemene i Kyrkjemøtet.

Dei andre føresegnene kan endrast ved allment fleirtal.